



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 21.11.2017

Sak nr.: 16/3140-11

Internt l.nr. 44647/17

Sak: 54/17

Tittel: Forvaltningsrevisjon - Nasjonal digital læringsarena - Rapport NDLA II

Behandling:

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.
2. Fylkestinget ber styrerepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.

Endringsframlegg frå Frank Willy Djuvik:

NDLA er organisert som eit § 27 – samarbeid, og dermed er styrerepresentant også eigarrepresentant. Forslaget er å endre styrerepresentant til eigarrepresentant i pkt. 2 i vedtaket for å, på ein betre måte, få fram at det er eigaren som føl opp saka.

Avrøysting:

Tilrådinga frå kontrollsjef med føreslegen endring frå Djuvik vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.
2. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.